



MØTEPROTOKOLL

Utval: Valstyret
Møtedato: 09.06.2016
Møtetid: 20:15 - 20.35
Møtestad: Kommunehuset

Av 9 medlemmer møtte 9, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemene møtte ikkje:	I staden møtte:
Nils Aadland (Ap)	Øyvind Strømmen (Mdg)
Inge Aasgaard (Krf)	Gunn Totland Moss (Krf)
Lena Tveit (Bl)	Anja Gjerde Markus (Bl)

Andre som var til stades på møtet:

Rådmann Ramsli, ass.rådmann Våge, Sektorleiar Boge

Møteleiar:	Ordførar Knut Harald Frøland
Møtesekretær:	Hilde-Lill Våge

Merknader:

Orienteringar/meldingar:	<p>Møte i valstyret 16.06.2016 Valstyret møter kl. 19.00. Valstyret sine oppgaver denne kvelden vil mellom anna vera:</p> <ul style="list-style-type: none">• Prøving av eventuelle seint innkomne brevrøyster• Prøving av framandrøyster/røyster i særskilt omslag frå røystestyra• Godkjenning av møtebok for valstyret <p>Minst 5 av representantane av heile valstyret må møta 16.06.2016.</p> <p>Prøving av brevrøyster 15.06.2016 Valstyret gjev ordføraren fullmakt til, saman med administrasjonen å prøva innkomne brevrøyster onsdag 15.06.2016. Det er viktig at innkomne brevrøyster vert prøvde 15.06.2016, slik at dei personane som har sendt brevrøyst vert kryssa av i manntalet før avkryssingsmanntalet vert kopiert og levert til røystestyra 16.06.2016.</p> <p>Informasjonsbrosjyre frå kommunen Valstyret fekk utdelt utkast til kommunal</p>
---------------------------------	---

	informasjonsbrosjyre om folkerøystinga /kommunereformen. Dei drøfta utkastet og slutta seg til å sende den ut til alle husstandar i kommunen.
Utvalet sitt kvarter:	Ingen innspel.
Dokument utlevert i møtet:	Forslag til brosjyre for folkeavrøystinga.

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 16.11.2016

Underskrift utvalsleiar

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
003/16	16/565	Faste saker	
004/16	13/783	Val av medlemmer til røystestyra ved rådgjevande folkerøysting 16.06.2016	
005/16	13/783	Godtgjersle til medlemmer i røystestyra ved rådgjevande folkerøysting 16.06.2016	

SAKNR. 003/16
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

09.06.2016 VALSTYRET

Handsaming i møtet: Tilrådinga vart samrøystes vedteke. Ingen meldingar under utvalet sitt kvarter.

VAL-003/16 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

SAKNR. 004/16

VAL AV MEDLEMMER TIL RØYSTESTYRA VED RÅDGJEVANDE FOLKERØYSTING
16.06.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Valstyret vel medlemmer og varamedlemmer til røystestyra ved rådgjevande folkeavrøysting i Samnanger 16.06.2016, slik det framlagde forslaget i saka viser.

Varamedlemmene er sette opp i prioritert rekkefølge.

Leiaren i valstyret får fullmakt til å supplera med nye medlemmer og varamedlemmer i røystestyra dersom det oppstår behov for dette.

09.06.2016 VALSTYRET

Handsaming i møtet: Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

VAL-004/16 VEDTAK:

Valstyret vel medlemmer og varamedlemmer til røystestyra ved rådgjevande folkeavrøysting i Samnanger 16.06.2016, slik det framlagde forslaget i saka viser.

Varamedlemmene er sette opp i prioritert rekkefølge.

Leiaren i valstyret får fullmakt til å supplera med nye medlemmer og varamedlemmer i røystestyra dersom det oppstår behov for dette.

SAKNR. 005/16

**GODTGJERSLE TIL MEDLEMMER I RØYSTESTYRA VED RÅDGJEVANDE
FOLKERØYSTING 16.06.2016**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Medlemmer i røystestyra ved den rådgjevande folkerøystinga 16.06.2016, får utbetalt godtgjersle etter same sats som møtegodtgjersle for folkevalde i Samnanger, 680 kroner.

Varamedlemmer får berre utbetalt godtgjersle dersom dei må møta i røystestyret.

09.06.2016 VALSTYRET

Handsaming i møtet: Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

VAL-005/16 VEDTAK:

Medlemmer i røystestyra ved den rådgjevande folkerøystinga 16.06.2016, får utbetalt godtgjersle etter same sats som møtegodtgjersle for folkevalde i Samnanger, 680 kroner.

Varamedlemmer får berre utbetalt godtgjersle dersom dei må møta i røystestyret.

